



Statens vegvesen

Behandlende enhet:
Region vest

Saksbehandler:
Bjørn Kristian Røyland

Vår dato:
18.04.2017

Lagring av rundballar eller landbruksutstyr langs offentlig veg

Statens vegvesen har ein visjon om at ingen skal bli drept eller hardt skada i trafikken. Då er gode forhold langs vegen viktig. Vi registrerer at grunneigarar set eller lagrar diverse utstyr tett opp til offentlig veg fleire stader i fylket, slik som rundballar, tilhengarar eller containerar. Det representerer ein betydelig fare ved utforkøyring.



Figur 1 Eksempel på trafikkfarleg lagring langs ein fylkesveg

Trafikkfare

Det å køyre inn i rundballar er som å køyre inn i ein bergvegg. Statens vegvesen sine ulukkesrapportar viser at rundballar lagra langs vegen kan gjere ei utforkøyringsulukke til ei dødsulukke.

Regelverk

Lagring av utstyr langs veg er regulert etter veglova. Hovudregelen er at i ein avstand på 50 meter langs riks- og fylkesveg er det ikkje lov å bygge, lagre eller sette noko utan godkjenning frå Statens vegvesen.

Veglova, § 30: «Byggverk, her òg laus kiosk, opplag eller anna større innretning må ikkje utan særskilt løyve plasserast innafor byggegrenser som er fastsette i eller med heimel i § 29.»

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest

Telefon: 02030
firmapost@vegvesen.no

Statens vegvesen opererer med ei sikkerheitssone frå vegkant, som blir berekna ut frå trafikkmengd og fartsgrense. Sikkerheitssona skal ikkje nyttast til lagring.

Fartsgrense (km/t)	≤50	60	70–80	90
Sikkerheitssone (målt i meter)	4,5	5	7	8

Tabell 1 Vegens sikkerheitssone, forenkla utgåve (jamfør N101, N301 og NA-4/11)

Innanfor sikkerheitssona må det ved inga omstende lagrast utstyr som kan vere trafikkfarleg. Innanfor vegens byggegrense må det ikkje lagrast utstyr utan at Statens vegvesen på førehand har gitt lov til dette.

Pålegg om fjerning

Dersom Statens vegvesen vurderer lagring av til dømes rundballar langs riks- eller fylkesveg som trafikkfarleg, kan vi pålegge eigar å fjerne dei. Dersom pålegget ikkje blir følgt opp, kan Statens vegvesen, for eigars rekning, med heimel i veglova, fjerne rundballane.

Statens vegvesen startar frå 01.06.2017 eit systematisk arbeid med å fjerne trafikkfarleg utstyr som er plassert innanfor sikkerheitssona.

Vi ber difor grunneigarar om innan 1. juni å flytte eventuelle rundballar eller gjenstander som ligg langs vegen, slik at dei er plassert utanfor sikkerheitssona.

Takk for at du bidrar til betre trafikksikkerheit!

Plan- og forvaltningsseksjonen

Med helsing

Bjørn Kristian Røyland
Senioringeniør